

Årsmøte Hordaland Elghundklubb, Uskedalen 12.02.2011 kl. 14.00

Medlemer tilstades: Jarle Rogne, Atle Helland, Harald Risnes, Tore Dale, Knut Mathisen, Tobias Hellås, Arne Hanssen, Halvard Dahle, Svein Inge Djursvoll, Arne Gjerde, Frode Hernes, Stian Mæland, Kjell Rusten, Osmund Stopla, Lars Henrik Skogtun, Svein Magne Vassdal, Lars Gausvik, Leiv Trygve Varanes, Taisto Erkinharju og Tore Storhaug.

1. Ordstyrar: Taisto Erkinharju, Referent: Leiv Trygve Varanes, Til underskrift av protokoll: Atle Helland og Lars Henrik Skogtun, Tellekorps: Stian Mæland og Åsmund Stople.

Arne Gjerde bad om ordet, og han takka varmt for helsingar som han fekk frå klubben då han var sjuk i fjor haust.

2. Innkallinga var godkjent utan merknader.
3. Taisto Erkinharju las opp Årsmeldinga, den gav inntrykk av eit høgt og godt aktivitetsnivå, og vart godkjent utan merknader.
4. Rekneskap: Kasseraren var diverre ikkje tilstades, men Taisto Erkinharju gjekk gjennom rekneskapen på ein god måte. Den viste eit driftsoverskot på kr. 5402,85 for siste året. Rek
5. Rneskapen vart godkjent.
6. Inkomne saker:
 - Bandhund NM 2013. Nemnda som har hatt ansvaret for å få klarering på prøveterreng, har ikkje gjennomført denne delen. Harald Risnes foreslår at Jaktprøvenemnda og Styret arbeider vidare for å sjå på mulige løysningar. Det vart drøfta omkring korleis ein kan koma fram mot ein ny status ved neste årsmøte.
 - Eigen konto for jaktprøvenemnda og utstillingsnemnda? Det vart presisert at det må vera betalt prøveavgift før ei påmelding kan reknast som gyldig. Særleg ved jaktprøvar har det vore litt problem med å få kontrollert om avgifta har vore betalt, men det blir likevel greitt å arbeida vidar som før.
 - Klage frå ein hundeeigar som hadde meldt seg til jaktprøve i 2009, men ikkje hadde fått stilla.

Her var det gjort ein glipp frå jaktprøvenemnda ved overføring av prøveandidatar frå eit år til det neste, men det var stor semje om at her var det svikt i kommunikasjon mellom kandidat og jaktprøvenemnd. Dersom ein ikkje blir kontakta frå dommar/jaktprøvenemnd må det vera greitt å ta kontakt før det går for lang tid. Det blir prøvt å få avhalde prøvar så snart som aktuelle dommarar har tid og kapasitet.

- Forslag om endring i Valnemnda. Det er foreslege at medlem som går ut av styret skal gå inn i valnemnda. Etter drøfting av korleis dette skulle praktiserast, eksempelvis dersom fleire medlemer går ut av styret, kven skal då delta i nemnda? Skal det vera trekking? Forslagstillaren, Lars Henrik Skogtun, valgte å trekka forslaget.
 - NM Bandhund 2011. Interesserte for deltaking i NM må melda seg til Styret. Alle som er interessert må melda seg til klubben innan 15. mars. Det er klubben som skal senda påmelding innan 1. mars. Det nye styret skal følgja opp denne saka.
7. Saker til RS. Det er ikkje kome inn nokon saker.

Tore Storhaug trekker fram ei sak som er sett opp til RS frå andre. Endring av reglane for godkjenning av eit NJCH. Det er foreslege at kravet om at jaktprøvepremieringane som no , må gå over minst to jaktprøve-år, kan gjerast på eit år. Dette er fyrst og fremst for å få fleire unge hundar klare for avlsgodkjenning. Årsmøtet støttar forslaget om lemping av reglane, og dei som skal reisa til RS skal stemma for dette.

8. Medlemskontingent og prøvegebyr.

Ingen endring.

9. Kåring av årets elghund i Hordaland.

Det har vore noko problem med å få rangeringa på plass frå dei eksterne "ekspertane" i år. Resultatet viser at to hundar var stilt likt. Årsmøtet var samde om at det for dette året blir to hundar som får tildelt prisen som Årets Elghund i Hordaland 2010. Dei som vart kåra var N J(B)CH N UCH Svart Hunden's Eyda til Anita Lie og Atle Helland, og NJ(B)CH N UCH Svart Hunden's Frøya til Svein Inge Djursvoll/Tore Storhaug.

10. Val.

Valnemnda hadde gjort ein framifrå jobb og dermed gjekk valet greitt og kjapt unna. Og styresamansettinga ser no slik ut:

Hovudstyre:

Leiar	Tore Dale	Ny	1 år
Nestformann	Kjell Atle Rusten	Ikkje på val	
Kasserar	Paul Idar Gerhard	Ny	2 år
Sekretær	Arne Gjerde	Ikkje på val	
styremedlem	Frode Hernes	Ikkje på val	
Varamedlem	Osmund Stople	Ny	1 år
Varamedlem	Svein Inge Djursvoll	Ny	1 år

Valnemnd:

Osmund Stople	Leiar 2011	Ikkje på val	1 år
Lars Henrik Skogtun		Ikkje på val	2 år
Svein Arne Føyen		Ny	3 år

Jaktprøvenemnd:

Jarle Rogne	Leiar 2011		
Leiv Trygve Varanes			
Svein Magne Vassdal		Ny	
Atle Helland		Ny	

Utstillingsnemnd:

Anita Lie	Leiar 2011		
Tobias Hellås			
Kjell Atle Rusten			
Dag Olav Horvei		Ny	
Revisor: Ane Grøndahl Storhaug		Ny	

Som representantar til RS vart valt:

Leiar Tore Dale, Kjell Atle Rusten og Jarle Rogne.

Referat: Leiv Trygve Varanes

Atle Helland

Lars Henrik Skogtun